

## Referat ifrå møte i samarbeidsutvalet i Kyrkjebakken barnehage , 02.12.2020

### Dese møtte på møte :

Heidi Ø.Nes ,Ingeborg H. Bjørseth ( foreldre ) + Lise M.Fadnes ( vara)  
Anne Nina Johnsen og Nina Dalaker ( personal)  
Anna Hamre ( Kommune repr )  
Marie H Ovrud , styrar

I Barnehagelov og rammeplan står det om **samarbeid mellom heim og barnehage :**

- Dette gjekk styrar kort igjennom

### Saker til samarbeidsutvalet :

#### 1. Konstituering av samarbeidsutvalet

**Val av leiar :** Heidi Ø.Nes  
Ingeborg H. Bjørseth ,nestleiar

#### 2. Godkjenning av Årsplan. ( ligg som vedlegg )

Informasjon om ny mobbe lov som kjem 01.01.2021 og barnehagen sitt århjul for førebygging av mobbing ( her ligg ved eit forslag til årshjul ). Dette ser me kan vere naturleg å seie noko om i samband med årsplan

**Vedtak :** Årsplan blei godkjent med forslag til årshjul som vedlegg.

#### 3. Korona tid :

Kva aktivitetar kan me ha og kva tenkjer de som foreldre om dette ?

Mykje er regulert i rettleiarane , men ein del er vurderingspunkt som styrar ynskjer at me brukar tid på å diskutere her.

**Vedtak :** Barnehagen føl rettleiarane og legg opp til dei aktivitetane dei ser er mogeleg å få til for barna, foreldra deltek ikkje på noko felles arr. i barnehagen no

### Ymse :

Saker som kom opp på møte :

- Nedlegging av Kyrkjebakken var eit punkt som kom fram i media. Dette informerte styrar samarbeidsutvalet om det som Ole Gunnar Krakhellen sa til oss i sektoren etter at det kom fram i media om at dette var ikkje meint som noko tiltak no men ein tanke som ev måtte jobbast med viss det blir for mange barnehageplassar i Sogndal. Kyrkjebakken er ein gamal barnehage som det heile tida må gjerast vedlikehold på og som ikkje er bygt som barnehage .
- Det bygningsmessige i Kyrkjebakken blei diskutert og der var me innom
  - Støyplater som manglar i nokon rom
  - Kontorplassar til pedagogane
  - Nett-tilgang i heile barnehagenDette er punkt som må jobbast vidare med
- Ny kommune repr ( Anna) var oppteken av at ho fekk kjenskap til saker som me jobba med i Kyrkjebakken slik at ho kunne vidareformidle dei .
- Anna tok opp saka om minoritetspråklege barn og det gode arbeidet ho hadde høyrte me har gjort i forhold til den gruppa , og det var ein god tilbakemelding å få. Me brukte litt tid på å snakka om integrering og jobbing med minoritetspråklege.
- Me hadde omvisning i barnehagen for kommune repr

Referent : Marie H.Ovrud , Tenesteleiar Kyrkjebakken barnehage